



Budsjettsøknad 2017 for institusjoner med statlig driftstilskudd

Adresseinformasjon

Institusjonens

Navn Museumssenteret i Hordaland
Organisasjonsnummer 971349743
Bankkontonummer 3625.19.69684

Besøksadresse

Salhusvegen 201
5107 Salhus

Postadresse

Salhusvegen 201
5107 Salhus

Telefon, faks, e-post og URL

Telefonnummer 55251080

Telefonnummer 55251080

E-post post@muho.no

Kontaktperson

Kontaktperson Atle Ove Martinussen

Telefonnummer 55251801

E-post atleovemartinussen@muho.no

Oppsummering av søknad (alle tall i hele 1000):

Kulturdepartementet, tilskudd 2016: 11 410

Budsjettsøknad ordinær drift 2017: 12 810

Omsøkte tiltak:

| | | |
|---|------------------------------|-----|
| 1 | Digital formidlingsplattform | 500 |
| 2 | Handverkarar | 900 |

Sum omsøkte tiltak: 1 400

Mål, strategier og årsrapport

Statusrapport over den økonomiske situasjonen.

658

Museumssenteret i Hordaland har god budsjettstyring. Alle tal i heile tusen. Overskot på kr 1 389 mot budsjettert underskot på 1 666. Skuldast prosjektinntekter og refusjonar som ikkje var budsjettert, vakante stillingar og nokre langtidssjukemeldingar og finansinntekter som ikkje var i budsjettet. Avdelingane har dessutan vore svært forsiktig i si budsjettering. Bevaringstenestene fekk refundert meir av midlane som HFK held tilbake til drift også i år. BEV hadde overskot på oppdragsverksemda si i 2015. MuHo gjorde i 2015 avtale med KODE om konserveringstenester i første omgang for 3 år (2016-2018) men siktemålet er at dette skal bli ei permanent ordning. MuHo arbeider for at fleire av dei konsoliderte musea kan bidra med oppdrag for å styrka fellestenestene og konserveringsmiljøet på sikt. Direktør har leia arbeidet med nytt fellesmagasin sidan nov 2014. Rapport er no levert til HFK og fase 1 er ferdig. Fylkestinget handsamer saka medio mars 2016. Fellestenestene har stor merksemd frå leiinga for å sikre tenester av høg kvalitet. Mobilt Thermo Lignum kammer er framleis aktuelt for å gjera fellestenestene meir effektive. HFK har alt løyvd kr 1 650 000 (2012-2015) til eit slikt anlegg. Søknaden er framleis støtta av alle musea i HRDL gjennom tidlegare fråsegn frå Brukarforumet til Fellestenestene. HFK har varsla at om dette ikkje finn si løysing no vil det bli vurdert å omdisponere løyvinga på 1.65 mill. Tiltak 1: Nytt fokus på digital plattform for samlingsutvikling og dialog skal gje fokus på interaksjon med brukarane. Eit forprosjekt er starta opp i 2016 i samarbeid med UiB (Informasjonsvitskap og AHKR) med fokus på digitale verktøy og korleis vi skal nå ikkje-brukarar (20-29 år). Vi vil gå vidare med dette i eit innovativt pilotprosjekt frå hausten 2016 som vil ha stor overføringsverdi til andre museum i landet. MuHo har for få handverkarar til å handtera 121 bygg 6 adm bygg og 115 kuturhistoriske bygg (inkl 26 freda bygg på Havrå). Tiltak 2 er difor viktig for å sikra vedlikehald.

Utvikling i eigenkapital: i 2013 17 138, i 2014 16 898 og 2015 18 286. MuHo hadde per 31.12.2015 langsiktig gjeld på kr 3 725. Grunna kjøp av garden på Lygra. Langsiktig gjeld er sikra med pant i bygningar og bokført verdi på pantsette midlar utgjorde kr 10 065 per 31.12.2015. Lønskostnader var i 2015 kr 23 045 mot kr 22 698 i 2014. I 2015 utgjorde dette 66,57 % av totale driftskostnader. Auke skuldast prosjekter der lønn har vore størstedelen av kostnadene. Pensjonskostnader i 2015 var kr 2 423 mot 2 307 i 2014. MuHo har ein liten auke frå 2014 35 167 til 35 600 i 2015.

Forventningane til 2017 er gjennomslag for prioriteringane og at vi kan satse meir på samfunnsrolla og tilrettelegging og formidling av samlingane våre (jfr tiltak 1) og bli ein meir aktiv samfunnsaktør på fleire felt enn før. For å nå måla er det viktig og finansiere dei omsøkte tiltaka. Tiltak 1 er omtalt i 410

Formålet med søknaden.

659

Målet med søknaden er setja oss i stand til å utvikle museet innanfor dei fire F-ane gjennom fokus på drift og økonomi og meir effektiv utnytting av tilgjengelege ressursar. Omorganiseringsprosessane må sjåast i denne samanhengen. MuHo er samfunnsaktør og spelar ei aktiv samfunnsrolle ved å leggje vekt på utvikling og formidling av kunnskap gjennom samhandling og dialog med lokalmiljøa. Utvikling av samlingane og dialog med brukarane er eit tiltak for å styrka MuHo som samfunnsaktør, ta i bruk ny teknologi og verktøy som kan utvikla og gjera samlingane våre meir tilgjengeleg. Tiltak 1 i søknaden er knytt til prosjektet Dialogisk museum der vi har gjort avtale med Universitetet i Bergen og har med studentar frå Informasjonsvitskap og frå AHKR våren 2016. Dette er eit viktig tiltak

for å auka publikumsbesøket og nå nye brukargrupper (ikkje-brukarar). Målet vårt er å styrka institusjonen gjennom auka fokus på fagleg utvikling og betre utnytting av dei tilgjengelege ressursane våre. Gjennomslag for tiltaka i søknaden vil styrka rolla som samfunnsaktør og generere auka aktivitet mellom museet og samfunnet.

Årsrapport for 2015.

402

Fornyings/samfunnsrolle:

Omorganiseringsprosessen gjekk i heile 2015 og involverte alle tilsette, fagorganisasjonane, hovudverneombud og leiinga. Dette var hovudfokus i 2015 pluss ordinær drift. Prosessen tok mykje tid med fellessamlingar, arbeidsgruppemøte og styringsgruppemøte. Prosessen gav auka fokus på fagleg utvikling og utnytting av ressursane på tvers gjennom fellesprosjekt som vil gje auka kompetanse og utvikling. Sterkare vektlegging av prosjektorganisering og auka fokus på planlegging på kort og lang sikt styrkar samfunnsaktørrollen. Det er innført Haustkonferanse (første i 2016) der alle tilsette er med på gjennomgang av forslag til fellesprosjekt. Prosjekta er då del av årsplanane for neste års verksemd. Gjev fokus på fagleg arbeid som fører til høgare kompetanse blant dei tilsette. Styret vedtok vidare ein ressursgjennomgang av avdelingane i MuHo med siktemål å sjå på drift og økonomi og vurdere ei ytterlegare samanslåing av avdelingane i Nordhordland. Prosessen fortset difor i 2016 leia av direktør med bruk av både intern og ekstern kompetanse i gjennomgåinga. Gjennomgang av ressursbruken er eit ledd i arbeidet med å rusta oss til å møte utfordringane som måtte komma. Direktør vart oppnemnd av Utdanningsdirektoratet i 2015 til å sitje i 'Fagutval for immateriell kulturarv og verneverdige fag. Rapport levert 1 mars 2015.

Internasjonalt arbeid:

MuHo engasjerer seg i internasjonalt arbeid gjennom nettverk og EØS-prosjekt. I 2015 har vi hatt samarbeid med Latvia, Slovenia, Frankrike og Kina. MuHo er med i det internasjonale nettverket "Carpenters without borders" der MuHo leia eit norsk team som saman med 5 andre nasjonar var i Kina og bygde eit stolpehus kun med handverktøy. Huset blir arena for vidareføring av immateriell kulturarv i denne regionen av Kina.

Samfunnsrolla:

MuHo legg framleis stor vekt på rolla som samfunnsaktør t d i samarbeid med frivillige lag og organisasjonar. Havrå og Osterøy Museum arrangerte eit godt besøkt valmøte i august om kultur og naturvern. Norsk Trikotasjemuseum arrangerer Strikkekafe jamleg med samfunnsaktuelle tema; m.a. forfattern av Strikk i strid, Gihjertevarme om sal av produkt strikka av fattige kvinner i Romania. Fleire avdelingar bidro til ULLVEKA`15 eit samarbeid mellom næringsliv, museum, fylkeskommune og mange andre aktørar. Minnekisteprojektet ved Kulturverntenesta er ført vidare i 2015 og viser at musea kan ha ei viktig oppgåve i høve demente i samarbeid med helsevesenet. I 2015 har projektet besøkt to helseheimar i Meland og Arna for å teste ut minnekistene. Det er og laga ei opplevingsutstilling om strikk som er testa ut ved ein helseheim. Evaluering av projektet gjennomført i 2015. Erfaringane viser at projektet var krevjande både tidsmessig og psykisk. Erfaringane frå projektet har overføringsverdi til andre musé.

MuHo har nye samarbeidsavtaler med UiB på fleire felt m a informasjonsvitskap (jfr tiltak 1). Vi er vert for Praxis i arbeidslivet (AHKR201), no eit ordinært fag som skal gje studentar erfaring frå arbeidslivet. MuHo hadde 5 BA-studentar i 2015. Studentane la ned ca 1000 arbeidstimar knytt til ulike projekt og arbeidsoppgåve ved museet. Direktør er med i HF-fakultet sitt Arbeidslivspanel - arena for møte og diskusjonar mellom næringsliv og UiB. Direktør er også medlem av ei fagleg

referansegruppe for to nye fag ved AHKR, UiB som går ut på å gje museumstilsette meir kunnskap om forskning i og om museum. MuHo hadde to tilsette som deltok i faget MUSE620 i 2015. Det er eit mål at dette skal føre til vidare forskning ved museet. Digital dokumentasjon inngår i MuHo sin strategi og planar for dokumentasjon og formidling. Dette får større fokus gjennom prosjektet Dialogisk museum som er knytt til tiltak 1 (pkt 658 og 659)

Forvaltning:

Styret meiner årsrekneskapen gjev rett bilete av stiftinga sine eignelutar og gjeld, finansielle stilling og resultat. Økonomien er i balanse og rekneskapen for 2014 er gjort opp med overskot på kr. 1 389. Rekneskapen er sett opp basert på fortsett drift. Det er sett av midlar til vedlikehald. NTMT sit i arbeidsgruppa i "Nettverk for industriminneforvaltning i Hordaland" saman med UiB/AHKR, forvaltninga og fleire av musea er aktive i nettverket. LHS er engasjert av MD som nasjonal koordinator/rådgjevar for MD for Kystlynghei som utvald naturtype etter naturmangfoldslova. Det vert drive utstrakt kursverksemd i forvaltning av kystlynghei.

Strategiar for ei aktiv samfunnsrolle:

Museet sin aktivitet viser ein aktiv kunnskapsbyggjar og tydeleg samfunnsaktør gjennom dialog og samhandling basert på den kompetansen MuHo får over til ei kvar tid og dei samlingane ein forvaltar. MuHo har god måloppnåing i høve dei strategiar og planar som er lagde. MuHo har særleg fokus på formidling, samlingsforvaltning, sikring og vedlikehald. MuHo har varierte samlingar: tradisjonelle kulturhistoriske gjenstandar, bygningar, arkiv, foto, tekniskindustrielle samlingar og kulturlandskap med planter og husdyr (levande samlingar). Ansvarer innan samlingsforvaltning omfattar også rådgjeving til frivillige og private samlarar i Nordhordland (KIN) og innan teknikk og industri i Bergen (NTMT). Skjøtselsplan for Havrå vart i 2015 lagt på is av HFK sidan ein først må revidere og lage ny forvaltningsplan. MuHo/Havrå er representert i arbeidsgruppa. Bevaringstenestene gir råd og retteleing til dei konsoliderte musea i samlings spørsmål. MuHo/BEV har hatt ansvaret for utarbeidinga av ein felles samlingsforvaltningsplan for musea i HRDL godkjent i Fylkestinget i desember. Dette er eit piltoarbeid i nasjonal samanheng der dei konsoliderte musea i Hordaland no har ein felles samlingsforvaltningsplan. MuHo forvaltar eit freda kulturmiljø, kystlynghei og eit nasjonalt industriminne. Havrå har særleg fokus på forvaltning av mat- og virkeproduksjon tufta på stadeigne ressursar. Drifta av garden er basert på fredningsvedtektene. NTMT leiar arbeidet med nasjonal dokumentasjons- og innsamlingsplan for tekstilindustrien med støtte frå Norsk Kulturråd.

Mål:

Skafe oversyn og sikre trygg forvaltning av samlingane samt gjera desse tilgjengelege for publikum. Museet forvaltar «nye» samlingsområde som industriell kulturarv, kulturlandskap og levande kulturarv. Museet har fokus på immateriell kulturarv og arbeider aktivt med sikring av IKA lokalt og regionalt t d på tekstilfeltet. Hovudmåla for 2015: Å vera ein aktiv samfunnsaktør. Å utvikla ny kunnskap. Å vera aktiv i vidareutvikling av kulturminnevernet lokalt. Å føre vidare arbeidet med å få oversyn over samlingane. Auka samarbeid med forskingsmiljø og byggje opp om eigen forskning. Eit hovudmål har vore brannsikring. Alle avdelingar har no godkjente sikringsplanar. Viser til gjennomført aktivitet på avdelinga der måloppfyltinga er god. Prosjekt som ikkje er gjennomført i 2015: Fagdagar ved BEV ikkje gjennomført grunna meirarbeid i prosjekta og omorganisering. Arbeidet med regional dokumentasjon og innsamlingsplan for Nordhordland vart ikkje fullført då denne må sjåast i samanheng med felles samlingsforvaltningsplan for alle musea (vedtatt des 2015). Planen vert laga i 2016. MuHo er framleis aktiv i vidareutvikling av kompetanse på samlingsforvaltning gjennom nasjonale prosjekt både innan levande samlingar og tekniskindustrielle samlingar.

Forskning, dokumentasjon og formidling:

Lyngheisenteret (LHS) er med i forskingsprosjektet KRUS (Enhancing local wool value-chains in Norway), som forskar på potensialet for grøn vekst i lokale verdikjeder. LHS samarbeider med Hillesvåg Ullvarefabrikk i prosjektet. T. Bergmann (BIO) disputerte i 2015 (Phd) og avhandlinga baserer seg på feltarbeid på LHS. Har vore stor aktivitet på alle avdelingane. Litt frå aktivitetane m m: MuHo i samarbeid med Bymuseet/Hordamuseet sette opp utstillinga "Meeting Point Wood" som har vandra tre år i Frankrike. Ei utstilling med Olav H Hauge-dikt er del av denne utstillinga. Osterøy Museum (OM): Samlingar om slektsgransking. Arbeidet med bok om oppstadveven i samarbeid mellom Norge, Island og Shetland har gått godt og ho vert publisert i 2016. Populære opplegg knytt til Handarbeidstreff og Karakveld/vøledag i samarbeid med museumslaget har hatt godt besøk. Dei ureine (Per Inge Hove, Reidun Horvei og prof Ole Didrik Lærum) program om spedalskhet vart vist på fleire av avdelingane. MuHo driv framleis jamn og målretta samtidsdokumentasjon med bilete og lyd. Dette er ein føresetnad for seinare kunnskapsproduksjon og forskning. Avdelingane deltek i forskingsprosjekt og er arena for forskning t d Havrå, NTMT og LHS. Havrå: UIB og Høgskulen i Bergen brukar Havrå som fast lærings- og formidlingsarena. Norsk Trikotasjemuseum (NTMT): Boklansering for Arbeidarhistorie 2015 med tema 'Det fleksible arbeidslivet' der avdelinga har med to fagfelleverderte artiklar i boka. Laga introfilm om den industrielle revolusjonen saman med Høgskulen i Bergen berekna på vidaregåande opplæring. Ein artikkel i antologien Interiørarkitektur (Spartacus 2015). I tillegg mange aktuelle utstillingar på avdelingane. Bevaringstenestene (BEV): Open dag. Publikumsavdelingane lagar dagsaktuelle utstillingar knytt til ulike problemstillingar i vår samtid, t d NTMT Tusen fuglar basert på prosjektet Threads Art Project. Havrå har laga kunstdokumentaren 'Livreddaren' i samarbeid med tekstforfattar, fotografisosiolog og tekstilkunstner. Utstillinga har vakt stor interesse. Utvandringssenteret opna 'Between Coasts' pluss utstilling om migrasjon og helse. LHS ullsorteringskurs (KRUS), torvtakingsprosjekt med dokumentasjon av prosessane på film og foto, LandPress i samarbeid med UIB (BIO) knytt til forskning på klima og bruksendring i landbruk som påverkar biologisk mangfald i norske kystlyngheier <http://www.uib.no/fg/eecrg/95158/landpress> og UiB har installert klimastasjon ved senteret på Lygra til bruk for forskarar, studentar, elevar m fl som er interessert i klimadata <http://bergensveret.no/stasjon/?id=59&vis=info>

Egeninntekter og ordinært offentlig driftstilskudd

Egeninntekter (i hele 1000. 1000=1)

| | Regnskap 2015 | | Budsjett 2016 | | Budsjettsøknad 2017 | |
|---------------------------------|---------------|-----|---------------|-----|---------------------|-----|
| Billettinntekter | 272 | 404 | 297 | 405 | 297 | 406 |
| Inntekter fra butikk | 307 | 623 | 320 | 624 | 333 | 625 |
| Inntekter fra kafé | 838 | 626 | 1060 | 627 | 1060 | 628 |
| Inntekter fra andre varer | 50 | 667 | 35 | 668 | 35 | 669 |
| Inntekter fra utleie av lokaler | 113 | 670 | 123 | 671 | 123 | 672 |
| Inntekter fra andre tjenester | 1514 | 673 | 1377 | 674 | 1377 | 675 |
| Sponsorinntekter | 0 | 649 | 0 | 650 | 0 | 651 |
| Gaver | 0 | 652 | 0 | 653 | 0 | 654 |
| Andre egeninntekter | 1543 | 413 | 1773 | 414 | 1773 | 415 |
| Totale egeninntekter | 4637 | | 4985 | | 4998 | |

Spesifisering av andre egeninntekter

Leieinntekter fast eiendom, Div. tilskudd private stiftelser, overført eierstiftelser, kurs- og seminarinntekter og div. refusjoner

678

Ordinært offentlig driftstilskudd fra

| | Regnskap 2015 | | Budsjett 2016 | | Budsjettsøknad 2017 | |
|--|---------------|-----|---------------|-----|---------------------|-----|
| Kulturdepartementet | 11201 | 416 | 11410 | 417 | 12810 | 418 |
| Fylkeskommune(r) | 9860 | 422 | 9643 | 423 | 10578 | 424 |
| Kommune(r) | 2416 | 425 | 2438 | 426 | 2438 | 427 |
| Annet offentlig enn det som er spesifisert her | 2063 | 479 | 2103 | 480 | 2103 | 481 |
| Totalt ordinært off. driftstilskudd | 25540 | | 25594 | | 27929 | |

Spesifisering av annet offentlig ordinært driftstilskudd

Riksantikvaren (2003) og Statens landbruksforv. (60)

676

Andre offentlige tilskudd

Andre offentlige tilskudd fra

| | Regnskap 2015 | | Budsjett 2016 | | Budsjettsøknad 2017 | |
|--|---------------|--------------|---------------|--------------|---------------------|--------------|
| Kulturdepartementet | | 482 | 9000 | 483 | | 484 |
| Fylkeskommune(r) | 1171 | 488 | 400 | 489 | 400 | 490 |
| Kommune(r) | 30 | 491 | 75 | 492 | 75 | 493 |
| Den kulturelle skolesekken | 0 | 679 | | 680 | | 681 |
| Annet offentlig enn det som er spesifisert her | 4222 | 569 | 3586 | 570 | 2920 | 571 |
| Totalt andre offentlige tilskudd | | 5423 | | 13061 | | 3395 |
| Totale driftsinntekter | | 35600 | | 43640 | | 36322 |

Spesifisering av andre offentlige tilskudd

Kulturrådet (565), Fylkesmannen i Hordaland (407), Riksantikvaren (2351)
Landbruksdep., EØS prosjekt og div. mindre prosjekttilskudd

677

Driftskostnader og finansposter

Driftskostnader (i hele 1000. 1000=1)

| | Regnskap 2015 | | Budsjett 2016 | | Budsjettsøknad 2017 | |
|---------------------------------------|---------------|-----|---------------|-----|---------------------|-----|
| Utgifter til butikk | 164 | 638 | 103 | 639 | 103 | 640 |
| Utgifter til kafé | 461 | 641 | 541 | 642 | 541 | 643 |
| Utgifter til andre varer og tjenester | 155 | 644 | 110 | 645 | 110 | 646 |
| Lønnskostnader | 21818 | 575 | 22816 | 576 | 23960 | 577 |
| Pensjonskostnader | 2423 | 578 | 2547 | 579 | 2470 | 580 |
| Avskrivninger | 158 | 581 | 181 | 582 | 181 | 583 |
| Drift av lokaler | 1738 | 584 | 1725 | 585 | 1725 | 586 |
| Vedlikehold av lokaler/bygg | 2745 | 587 | 10931 | 588 | 1629 | 589 |
| Husleiekostnader | 51 | 590 | 120 | 591 | 120 | 592 |
| Andre driftskostnader | 6103 | 593 | 6327 | 594 | 5661 | 595 |
| - Offentlige refusjoner | 1196 | 596 | 370 | 597 | 171 | 598 |
| Totale driftskostnader | 34620 | | 45031 | | 36329 | |
| Driftsresultat | 980 | | -1391 | | -7 | |

Finansposter

| | Regnskap 2015 | | Budsjett 2016 | | Budsjettsøknad 2017 | |
|---------------------------------------|---------------|-----|---------------|-----|---------------------|-----|
| Finansinntekter | 701 | 599 | 322 | 600 | 322 | 601 |
| Finanskostnader | 292 | 602 | 315 | 603 | 315 | 604 |
| Resultat av finansielle poster | 409 | | 7 | | 7 | |

Ekstraordinære poster

| | Regnskap 2015 |
|--------------------------|---------------|
| Ekstraordinære inntekter | 647 |
| Ekstraordinære kostnader | 648 |

Årsresultat **1389** **-1384** **0**

Balanse

Eiendeler (i hele 1000. 1000=1)

| Anleggsmidler | 31/12-2013 | 31/12-2014 | 31/12-2015 | |
|------------------------------|--------------|--------------|--------------|-----|
| Immaterielle eiendeler | | | | 605 |
| Varige driftsmidler | 10369 | 10401 | 13100 | 606 |
| Finansielle driftsmidler | 92 | 22 | 22 | 607 |
| Anleggsmidler totalt | 10461 | 10423 | 13122 | |
| Omløpsmidler | | | | |
| Varer | 450 | 547 | 501 | 608 |
| Fordringer | 3277 | 2887 | 1878 | 609 |
| Finansielle investeringer | | | | 610 |
| Bankinnskudd, kontanter o.l. | 14150 | 15358 | 17766 | 611 |
| Omløpsmidler totalt | 17877 | 18792 | 20145 | |
| Sum eiendeler | 28338 | 29215 | 33267 | |

Egenkapital og gjeld (i hele 1000. 1000=1)

| | | | | |
|--|--------------|--------------|--------------|-----|
| Egenkapital | | | | |
| Innskutt egenkapital | 7661 | 7661 | 7661 | 612 |
| Opptjent egenkapital | 9477 | 9236 | 10626 | 613 |
| Egenkapital totalt | 17138 | 16897 | 18287 | |
| Gjeld | | | | |
| Avsetninger til forpliktelser (inkl. off. avg. og feriepenger) | 4755 | 4752 | 4944 | 614 |
| Investeringskudd, prosjekt - KUD og Norsk kulturråd | 734 | 1562 | 654 | 615 |
| Investeringskudd, prosjekt - andre | 3900 | 4370 | 4307 | 616 |
| Langsiktig gjeld | 264 | 231 | 3726 | 617 |
| Kortsiktig gjeld | 1547 | 1403 | 1349 | 618 |
| Gjeld totalt | 11200 | 12318 | 14980 | |
| Sum egenkapital og gjeld | 28338 | 29215 | 33267 | |
| Er regnskapet revidert? | | | Ja | 619 |

Eventuelle kommentarer til regnskap og balanse. Negativt årsresultat skal kommenteres.

I hovedsak skuldast overskotet prosjektinntekter og refusjonar som ikkje var budsjetterte, vakante stillingar og nokre langtidssjukemeldingar utan tilsett vikar. Dette overskotet er budsjettert brukt i 2016.

620

Tekstlig omtale - søknad om driftstilskudd i 2017

Oppsummering av budsjettsøknad sett i lys av langsiktige planer og strategier.

401

Budsjettframlegget for 2017 er i tråd med MuHo sine langsiktige mål og strategiar. Den skisserte auken i 2017 er naudsynt for å vidareføra eksisterande verksemd og for å oppfylle samfunnsrolla vår gjennom utvikling og formidling av kunnskap på høgt nivå.

Tiltak 1 'Digital formidlingsplattform - samlingsutvikling og dialog' er avgjerande for å få til ei nyskapande utvikling av samlingane våre og tilgjengeleggjera dei for nye brukargrupper. Vi vil gjennom eit forprosjekt våren 2016, i samarbeid med Universitetet i Bergen (informasjonsvitskap og humaniora (AHKR), ha særleg fokus på utvikling av digitale plattformer for å nå ikkje-brukar-grupper i alderen 20-29. Dette er ei aldersgruppe som er bortimot fråverande på museum i dag. Nordhordlandsregionen vil ha eit særleg fokus i prosjektet. Det vil bli søkt Norsk Kulturråd om eit pilotprosjekt som ei vidareføring av forprosjektet. Tiltak 1 vil generere aktivitet mellom museet og samfunnet m a ved å setje fokus på samfunnsrolla vår knytt til demokratiseringsprosessar i høve frivillige lag og organisasjonar innanfor samlingsforvaltning, kulturminnevern og immateriell kulturarv. Gjennomslag for tiltak 1 vil gje MuHo dei naudsynte tilleggsressursane for å kunna auka innsatsen på dette området som vil utvikla samlingane og gje dei ny aktualitet.

Det er igjen sendt søknad til KD om Thermo Lignum-kammer til BEV på vegne av alle musea i Hordaland. Vi håper at det no endeleg kan realiserast. Hordaland fylkeskommune har i 2012 og 2015 gjeve tilskot på tilsaman 1.65 mill til kammeret. Signala frå HFK er at dei vil vurdere omdisponering av midlane om kammeret ikkje blir fullfinansiert no. Denne søknaden er støtta av alle musea i HRDL.

Arbeid med ein felles innsamlingsplan for musea i Hordaland i regi av MuHo/BEV vart avslutta i 2015 og vedtatt av fylkestinget i desember. Det gjer også at vi kan gå vidare med den regionale innsamlings- og dokumentasjonsplanen for Nordhordland. Dei to planane må sjåast i samanheng. Desse planane vil få konsekvensar for samlingsforvaltningsarbeidet i MuHo frå 2017.

Dei interne prosessane knytt til organisasjonsutvikling førte til samanslåing av Osterøy Museum og Kulturverntenesta i Nordhordland frå 1.01.2016. Styret har bedt direktør leia ein vidare ressursgjennomgang av avdelingane for å vurdere ytterlegare samanslåing av avdelingane i Nordhordland frå 1.01.2017. Det vil i så fall føra til endringar i drifta frå 2017. Det er sett fokus på korleis vi kan utnytta ressursane betre i institusjonen og få til ei sterkare fagleg utvikling av dei tilsette gjennom t d fellesprosjekt og samarbeid på tvers. Målet er framleis å leggja til rette for ei ny organisering som gjev betre ressursutnytting og tettare planlegging for å oppnå større grad av måloppnåing i høve mål, visjon og langsiktige startegiar. Gjeldande strategikartet (2013-2017) er framleis eit velegna styringsreiskap både for leiinga, styret og alle avdelingane.

Kjernen i organisasjonen sitt arbeid er vern, sikring og vidareføring av kultur- og naturarven innbefatta den immaterielle kulturarven vil ha fokus også i 2017. Det set fokus på MuHo som aktiv kunnskapsbyggjar og tydeleg samfunnsaktør i møte med frivillige lag og organisasjonar utanfor museet. Det blir viktig for vidare arbeid på dette feltet å skapa møteplassar for utveksling og dialog. Viktige innsatsområde som vil ha særleg fokus i 2017 er samlingsforvaltning, formidling og forskning. Vi har sett fokus på vidareføring og sikring av den tekstile kulturarven i samarbeid med HFK og sentrale nasjonale institusjonar for å få til ei satsing på dette viktige området innanfor immateriell kultuarv. MuHo fekk, i samarbeid med Vestnorsk Kulturakademi, midlar frå KUP-programmet til HFK i 2015 for å vidareutvikle

fagtilbodet innan tekstil. Det vert i samband med dette gjennomført eit prøveopplegg i Tekstilkultur 3 ved VKA som vil ha særleg fokus på praktiske tekstile teknikkar. Vidare vil det bli utarbeidd ein strategi for å styrka MuHo si satsing på tekstilfeltet. Vi har hatt eit opplæringprosjekt innan veving på Oppstadvev i 2015 (20% stilling over 2 år). Målet er å sikra denne satsinga gjennom oppretting av ei permanent stilling innan fagfeltet tekstil knytt til Osterøy Museum. Boka om Oppstadveven, samarbeid med Island, Shetland og Norge, vil bli publisert i løpet av 2016 på engelsk, men handbokdelen vil ha tre språk. Boka har tre hovudforfattarar frå Island, Shetland og Norge men det er også med artiklar frå fleire framståande tekstilforskarar innan fleire fagdisiplinar. I tillegg til historiske artiklar har boka ein handbokdel som har med både korleis ein byggjer ein oppstadvev og detaljert gjennomgang av vevteknikkar knytt til denne veven og mange oppskrifter. Denne boka vil vera viktig for vidare utdanning innan tekstilfeltet både i MuHo og ved andre institusjonar.

MuHo har innarbeidd mangfaldsdimensjonen i langsiktig strategi både i lokalt, regionalt og internasjonalt samarbeid.

Det er ein avgjerande suksessfaktor å få tilstrekkeleg virkemidlar til å gjennomføra dei planlagde tiltak i budsjettsøknaden.

Prioriterte tiltak, prioritet nr.: 1

Prioriterte tiltak (beløp i hele 1000. 1000=1)

| | | |
|---|--|----|
| Navn på tiltaket | Digital formidlingsplattform samlingsutvikl/dialog | 01 |
| Søknadsbeløp til KUD for tiltaket i 2017 | 500 | 05 |
| Gjelder tiltaket søknad om sikringsmidler | Nei | 06 |

Finansieringsplan for tiltaket

Finansieringskilder

| Finansieringskilder | Søknadsbudsjett 2017 | |
|-----------------------------|----------------------|----|
| Egen finansiering | | 10 |
| Kulturdepartementet | 500 | 13 |
| Norsk kulturråd | | 33 |
| Fylkeskommune(r) | 335 | 19 |
| Kommune(r) | | 22 |
| Andre offentlige | | 25 |
| Ikke-offentlig finansiering | | 28 |

Hovedomtale og begrunnelse.

Etablere og drifte ei digital formidlingsplattform for regionen/samlingane der vi opnar for interaksjon med brukarane og koplar dei ulike samlingskategoriane. Satsinga byggjer på samarbeid med UiB i 2016. Gjennom bruk av t d lyd, video og interaktive innslag gjer vi formidling av samlingane meir tilgjengeleg mot den einskilde brukaren. Tilskot vil dekke vidareutvikling, samarbeide og kompetansebygging internt/eksternt, samt produksjon og drift av tiltaket. Satsinga vil styrke dialog og samarbeide - gje auka kunnskap om kulturarven. Det vil også generer aktivitet mellom museet og samfunnet.

30

Prioriterte tiltak, prioritet nr.: 2

Prioriterte tiltak (beløp i hele 1000. 1000=1)

| | | |
|---|--------------|----|
| Navn på tiltaket | Handverkarar | 01 |
| Søknadsbeløp til KUD for tiltaket i 2017 | 900 | 05 |
| Gjelder tiltaket søknad om sikringsmidler | Nei | 06 |

Finansieringsplan for tiltaket

Finansieringskilder

| | Søknadsbudsjett 2017 | |
|-----------------------------|----------------------|----|
| Egen finansiering | | 10 |
| Kulturdepartementet | 900 | 13 |
| Norsk kulturråd | | 33 |
| Fylkeskommune(r) | 600 | 19 |
| Kommune(r) | | 22 |
| Andre offentlige | | 25 |
| Ikke-offentlig finansiering | | 28 |

Hovedomtale og begrunnelse.

MuHo har ansvar for 115 kulturhistoriske bygningar, m a det freda kulturmiljøet Havrå med 26 freda bygg, samt industrielle kulturminne og ei kyrkje og seks nyare bygg. Totalt 121 bygg. Bygningsmassen er svært variert m.o.t. alder, materialbruk, storleik og stilart krev dette spesialkompetanse innan fleire felt. I flg. St.meld. nr. 16 (20042005) Leve med kulturminner heiter det at årleg tap av verneverdige kulturminne og kulturmiljø skal ikkje overstige 0,5% innan år 2020. Om vi skal nå dette målet må vi ha fleire handverkarar. I tillegg krev forvaltninga av totalt 121 bygg fleire handverkarar.

30

Oppsummering og kontroll

Det bekreftes at tallene er korrekte.

Ja

655

Har institusjonen sendt separat byggesøknad til departementet i løpet av siste år?

Nei

656

Dersom institusjonen har sendt byggesøknad i løpet av siste år, gi en kort orientering om søknaden.

657

Eventuelle andre kommentarer til søknaden.

622